


Pasientløype for akutt døgnbehandling av

alkoholavhengnad



Pasientløypa er for personar med **alkoholavhengnad** som treng akutt døgnbehandling i spesialisthelsetenesta. **Seksjon rus er fyrste kontaktpunkt.** Pasientløypa er til for situasjonar der medisinske grunnar gjer at døgnbehandlinga ikkje kan vente.

Fastlege eller legevakt ringer direkte til seksjonsleiar på **Seksjon rus** på Nordfjord psykiatrisenter - **57864340**. Telefonen er bemanna heile døgeret, men **tiltak vil bli iverksette på dagtid i vanleg kontortid.** Dei fleste pasientar kan leggest inn direkte i Seksjon rus.

Ved fare for **alvorlege abstinensreaksjonar** tilviser Seksjon rus til innlegging ved **Medisinsk avdeling.** Dersom ein pasient som treng denne pasientløypa vert innlagt ved Nordfjord sjukehus utanfor kontortid, tek Medisinsk avdeling kontakt med seksjonsleiar ved Seksjon rus.

Plass ved Seksjon rus vert halden av når tilvising til Medisinsk avdeling er sendt. Pasienten **overførast direkte** til oppstart av **tverrfagleg spesialisert rusbehandling.** Opphaldet ved Seksjon rus kan vare i inntil ti dagar.